



REGISTRERING – ANALYSE

KDP Skogsskiftet - Sund kommune

Asplan Viak AS 15.12.2008

RAPPORT

Prosjekt: Kommunedelplan Skogsskiftet

Revisjon nr: X (Revisjonsnr. og/eller utgavenr. skrives inn direkte)

Tittel: Registrering - Analyse

Sidekontrollert av:

Fagområde: By og regionplanlegging

Sluttkontrollert av:

Kommentar:

Godkjent av:

Oppdragsgjever Sund Kommune

Prosjektnr.: 514649

Sund senter

Heftennr.: XXXX (skrives inn direkte)

Postboks 23

5371 Skogsvåg

Dokument nr: XX (skrives inn direkte etter behov)

Telefon : 56 32 75 00

Lagret Dokument3

Faks : 56 32 75 01

Ref. oppdragsgjever: Frode Glesnes

Sist lagret: 03.02.2009

Utarbeidd av: Asplan Viak Bergen a.s.

Sist lagret av: Astrid Rongen

Pb. 2304 Solheimsviken, 5824 Bergen

Sist skrevet ut: 03.02.09

Tlf.: 55 59 67 00 - Faks: 55 59 67 50

E-post: bergen@asplanviak.no

Internett: www.asplanviak.no

Oppdragsansvarleg: Siv ark MNAL Astrid Rongen

Saksbehandlarar: Landskapsarkitekt MNLA Guro Steine

Ing Linda Telle

Master i fysisk planlegging Trgve Andresen

Landskapsarkitekt MNLA Anna Wathne

FORORD

Dette dokumentet er ein registrerings- og analyserapport , utarbeidd i samband med kommunedelplanarbeidet for Skogsskiftet , i Sund Kommune. Arbeidet med kommunedelplan for Skogsskiftet var sett i gang på bakgrunn av vedtak i Sund kommunestyre og planprogram vedtatt av kommunestyret 19.03.2007

Føremålet med planen er

- Å laga eit betre styringsverktøy
- Planlegging av arealbruk
- Utvikle Skogsskiftet til ein attraktiv tettstad i regionen med eit levande og konkuransedyktig sentrum
- Inkludere Trengereid/Søre Fjell i planen for å få til ei meir heilskapleg arealforvaltning

Delutgreiingar i prosessen

*Prosjektet Landskap i kommunal planlegging er integrert i prosjektet og er oppsummert i ein egen landskapsanalyse for området.

*Parallelt med prosessen har Statens vegvesen utarbeid konsekvensutgreiing for ny Rv 555.

*Notat om vurdering av alternativ lokalisering Skogsskiftet vart utarbeidd i november 2007 og ligg ved som eige dokument.

Organisering av prosjektet:

Prosjekt gruppe:

Arthur Hagenes (Ap) Leiar fase 1

Nils Kåre Skoge

Bernt Kåre Sangolt

Kjetil Klepsvik

Marianne Forland Telle

Kari Anne Landro (H) Leiar fase 2

Frå administrasjonen

Frode Glesnes

Ingebjørg Toft
Birgitte Ødven

Konsulent Asplan Viak AS

Astrid Rongen Sivilarkitekt Oppdragsansvarleg
Guro Steine Landskapsarkitekt

Linda Telle Ingeniør

Øyvind Dalen Siv ing GIS

Anna Wathne , Landskapsarkitekt

Trygve Andresen Master i planlegging GIS

Referansegruppe

Aslaug Aalen, Fylkesmannen i Hordaland

Kari Sørebø, Hordaland Fylkeskommune

Kari Øvsthus, Hordaland Fylkeskommune

Kjetil Christiansen , Hordland Fylkeskommune

Roald Sletten, Statens vegvesen

Planprosessen:

Ved oppstart reiste prosjektgruppa på studietur til ei rekke tettstadar i Hordaland. Prosjektet har vore delt i to fasar. Første del var ein kartleggings- og analysefase med landskapsanalyse, alternativsvurdering av lokalisering av framtidig komunesenter i Sund , og vurdering av trase for framtidig Rv 555 forbi Skogsskiftet.. Det vart gjennomført ein SWOT analyse i prosjektgruppa og eitt offentleg informasjonsmøte. Kommunestyret tok vedtok den at ein skulle fortetta og vidareutvikla eksisterande sentrum. Del to omfattar utarbeiding av plankart med føresegner og planomtale og konsekvensutgreiing.

Desember 2008

INNHOLDSLISTE

1	SAMANDRAG	6
2	Innleiing	8
3	Mål og rammer for planarbeidet	8
4	Planområdet	9
4.1	Lokalisering	9
4.2	Geologi	9
4.3	Historisk utvikling	10
4.4	Dagens arealbruk	12
4.5	Planstatus	13
4.5.1	Kommuneplanen	13
4.5.2	Reguleringsplanen	13
4.6	Klima	14
4.7	Folketalsutvikling	15
4.8	Sosial infrastruktur	16
4.8.1	Barnehagar	16
4.8.2	Skular	16
4.9	Naturområde	21
4.9.1	Strandsona og fritidsbustadar	21
4.9.2	Naturtypar	21
4.10	Næring	22
4.10.1	Jordbruk	22
4.10.2	Industri	23
4.10.3	Handel og service	23
4.11	Offentleg service	23
4.12	Samferdsel og vegar	24
4.12.1	Kollektivknutepunkt	24
4.12.2	Vegplanar på gang	24
4.13	Støy	26
4.14	Forureining	27
4.15	Vatn og avlaup	28
4.15.1	Avlaup	28
4.15.2	Vassforsyning	28
4.16	Energi	28
4.17	Bratte og eksponerte område	29
5	Litteraturliste	31
5.1	Sentrale nasjonale og regionale dokument	31
5.2	Sentrale dokument i Sund Kommune	31
6	Vedlegg til planen	32

1 SAMANDRAG

Rapporten "Registrering - Analyse " er utarbeidd på bakgrunn av planprogrammet for Skogsskiftet . Eige notat med vurdering av alternativ lokalisering Skogsskiftet og lokalisering av framtidig bustadbygging er utarbeidd Denne rapporten omtalar ulike tema innafor heile planområdet og påpeikar verdiar og kvalitetar som bør liggja fast og har innspel til utforming av plandokumentet . Tiltrådingane er tatt med nedanfor:

Føremålet med planen er

- Å laga eit betre styringsverktøy
- Planlegging av arealbruk
- Utvikle Skogsskiftet til ein attraktiv tettstad i regionen med eit levande og konkurransedyktig sentrum
- Inkludere Trengereid/Søre Fjell i planen for å få til ei meir heilskapleg arealforvaltning

Historiske kvalitetar

Kulturlandskapet og kulturminne som fortel historie er ein viktig del av Skogsskiftet sin identitet, og bør takast vare på og integrerast i vidare utvikling av Skogsskiftet.

Klima

Ein bør unngå bygging på dei mest verutsette stadane. Ved planlegging av uterom og hagar bør ein ta omsyn til framherskande vindar . Ved bygging i strandsona bør ein ta høgde for at havet kan stiga opp til 75 cm fram til år 2100., jfr estimat frå Bjerknessenteret

Folketalsutvikling

Området ligg innafor rimeleg pendleavstand til Bergen og større arbeidsplassar på Sotra. Planområdet vil derfor vera attraktivt for vidare bustadbygging som vil medføra auke i folketalet. Sentrumsnære, nye bustadfelt innafor planområdet vil kunna konkurrera med andre bynære område, om ein tek vare på dei fine naturkvalitetane, sikrar allmenn tilgang til sjø og friluftsområde, legg til rette for eksisterande og nye fritidstilbod, gode møteplassar og trygge og gode oppvekstvilkår for barn og unge. Korte og trafikksikre avstandar til skular, barnehagar, offentleg og privat service, samt gode estetiske kvalitetar i det bygde miljøet gir synergieffektar.

Barnehagar

Ved planlegging av nye bustadområde bør det avsetjast areal til nye barnehagar sentralt i Skogsskiftet

Ungdomsskule

Kommunen ynskjer at det vert avsett areal til ny ungdomsskule i området ved vidaregåande skule, barneskulen og Skogsvåg Stadion

Vidaregåande skule

Det bør leggjast til rette for utviding av vidaregåande skulen der den ligg.

Idrett

Planen bør leggja til rette for nytt 50 meters symjebasseng ved Sotra vidaregåande skule avdeling Sund og akebakke ved Skogsvåg barne skule

Omsorgsbustadar

Det er trong for fleire omsorgsbustadar innafor planområdet. Desse bør lokaliserast sentralt, helst i gangavstand til butikkar og offentleg og privat service.

Gjennom idedugnadane i planprosessen er det kome fram ynskje om nytt kulturhus i kommunen.

Kulturhus

Funksjonar som kan leggjast til eit kultur hus er : bibliotek, kino, kulturskule, klatrevegg, internettkafe, bowlinghall, dansestudio, senioruniversitet mm og vaksenopplæring.

Lokalisering av nytt kulturhus har vore drøfta. Mogeleg plassering er alt. 1) inntil sentralt torg i kommunesenteret ,

alt 2) i den grøne aksen ved Hald stadion

alt 3) lengst nede i industriområdet Midtstegen

alt 4) på nes i sørenden av Skogsvatnet.

Friluftsliv

-Det er ynskjeleg at dei korte turvegane, badeplassar og andre sentrale friluftsområde vert lagt til rette med universell utforming.

-Landskapet og naturen er kvalitetar som bør takast vare på ved vidare utbygging i Skogsskiftet. Området rundt Skogevatnet bør sikrast som friluftsområde og det bør opparbeidast ei badestrand i nordenden.

-Det er stort potensiale for å utvida turvegnettet i området.

Foreslår nye " Skogsløyper". Ei kort løype med universell utforming rundt Skogsvatnet og tre lengre sløyfer om 1) Ådnavika, 2) Hammarsland og 3) rundt Hesttjørna.

- Området nord aust i planområdet mot Ådnavika er bratt ned mot sjøen og bør skjermast mot vidare utbygging. Der finn ein mange fine fiskeplassar. Naustområdet nedanfor gardane på Skoge og sørover er ein viktig del av kulturlandskapet og området sørover mot Kvalvika har mange kulturhistoriske verdiar knytt til kvalfangsten. Desse områda bør skjermast mot vidare naust og hyttebygging.

- Strandlinja bør sikrast for allmenn tilgjenge og skjermast mot vidare utbygging. Kommunen bør vurdera å leggja til rette for fleire småbåthamner, men desse bør lokaliserast utanfor planområdet.

- Det bør vurderast å leggja til rette for ei gjestehamn og fiskeplassar frå land.
- Fylkesmannen si kartlegging av regionale friluftsområde kan koma i konflikt med ønsket om å utvikla Skogsskiftet sørover ved Hesttjørna

Naturtypar i Kvalvågen

Det beste for naturverdiene er framleis å oppretthalde eit godt beitetrykk. Gjødsling bør ein unngå. Noko rydding av tre og busker er naudsynt år om anna, men har inga hast.

Bygging i kulturlandskapet

Kjerneområde for jorbruk skal sikrast. Mogeleg tiltak for å halda kulturlandskapet i hevd , kan vera tilrettelegging for fortetting kring gardstuna med moderne klyngetun. Slike buformer kan vera attraktive for folk som ynskjer å bu landleg, driva småskala matproduksjon og jordbruk til eige bruk. Fortetting bør skje etter gode retningsliner slik at kvalitetane i kulturlandskapet vert tatt vare på.

Lokalisering av Industri

Industriområdet medfører ein del tungtrafikk gjennom senteret og legg beslag på eit mogeleg utvidingsområde mellom senteret og bustadfeltet i Skogestranda. Området er sentrumsnært, har fin utsikt over Skogsvatnet og har potensiale som eit attraktivt bustadområde. Kommunen bør vurdera på lang sikt å leggja til rette for alternativt industriområde i kommunen og omdisponera Midtstegen til sentrumsfunksjonar/ bustadar.

Samspel kultur – næringsutvikling

Bygging av nytt kulturhus og opprusting av eksisterande senter kan også gi

mogelegheiter for satsing på reiseliv t.d. opplevingsferie og næring knytt til kurs og leirskule.

Handel og service

Det er ynskjeleg med eit større og betre vareutval. Men førebels er handelslekkasjen stor til Sartor senter på Straume i Fjell. Eit betre privat servicenivå føreset truleg eit større kundegrunnlag. Kommunen bør utarbeida ein handelsanalyse for å kartleggja potensialet for auka handel.

Mogeleg opning av ferjesambandet mellom Sund og Austevoll på nytt når Austevollbruva som no er opna , vil kunna styrka kundegrunnlaget for Skogsskiftet vesentleg .

Kollektivknutepunkt

Kollektivterminalen er sentralt lokalisert , men er arealkrevjande og legg beslag på ein stor del av sentrumsområdet i Skogsskiftet. Parkeringsplassen for bussane bør flyttast. Terminalfunksjonen bør også i framtida ha ei sentral lokalisering, men terminalbygget bør på lengre sikt flyttast til utkanten av sentrumsområdet.

Vegplanar

Dei to planprosessane konkluderer begge med at alternativet med kryssing av Dalevågen, tunnel forbi Skogsskiftet og trase i "Hammersland dalen " er det beste alternativet. Alternativet føreset flytting av motocrossbana og støyttiltak i høve til bustadområdet på Hammersland

Energi

Bygging av eige kogenanlegg i Skogsskifte er mindre kostnadskrevjande enn å føra fjernvarme / varmtvatn i rør frå eksisterande anlegg. Sjå elles Klima og energiplanenfor Sund.

Sund kommune har som mål å vera eit førebilete på energibruk:

- Ta i bruk nye fornybare energikjelder i heile kommunen.
- Auka bruken av vassboren varme i kommunale bygg og næringsbygg.
- Kommunen vil satsa på å ta i bruk fleksible energiløysingar (som t.d. kogen anlegg). Auka kompetansen på alternativ energibruk og enøk hos innbyggjarar, næringsliv og tilsette i Sund kommune.
- Ta i bruk gjeldande lovverk for å setje rammer for energibruk i nye bygg.

Bustadbygging

Ein bør unngå byggefelt brattare enn 1:3 og bygging over kote 70

2 INNLEIING

2.1 Mål og rammer for planarbeidet

Føremålet med planarbeidet er :

- Å laga eit betre styringsverktøy
- Planlegging av arealbruken
- Utvikle Skogsskiftet som ein attraktiv tettstad i regionen, med eit levande og konkurransedyktig sentrum

Rammer for planarbeidet

Rammene for planarbeidet er gitt i planprogrammet , vedtatt av Sund kommunestyre 19.03.2007. Det er vist til kommuneplanen , strategisk næringsplan, landbruksplanen, energiplanen, helse og miljøplan, fylkesplanar, rikspolitiske retningsliner og ny forskrift om konsekvensutgreiingar.

Sentrale utfordringa r og problemstillingar i planprogrammet:

1. Bustadområde
2. Avgrensing av tettstaden mot jordbruksareal
3. Byggeskikk, estetikk og lokalt formspråk
4. Grøntstruktur og friområde
5. Utvikling av Skogsskiftet som handelssenter
6. Parkeringstilhøve i Skogsskiftet
7. Tilrettelegging for mjuke trafikkantar
8. Offentlege område. Omsorgsbustadar , skular , barnehagar og symjehall
9. Nærings og industriområde
10. Alternativ kraftforsyning /Kogen anlegg
11. Idrettsområde
12. Overordna vegsystem
13. Flystøysone
14. Vurdering av eksisterande reguleringsplanar
15. Universell utforming

Vurdering av alternativ lokalisering av kommunesenteret

I prosessen har ein vurdert alternativ plassering av kommunesenteret Skogsskiftet ved Hesttjørna som alternativ til fortetting og utviding av eksisterande senter.

Prosjektet "Landskap i plan"

Sund kommune deltek saman med Lindås, Granvin og Samnanger kommunar i i prosjektet "Landskap i plan ". Som del av dette prosjektet skal eigen landskapsanalyse integrerast i planarbeidet

Ny riksveg 555

Parallelt med planprosessen har Statens vegvesen utarbeidd planar og konsekvensutgreiing for ny Rv 555. Val av framtidig vegrase forbi Skogsskiftet vil leggja sterke føringar for utviklingsmogelegheitene i området.

3 PLANOMRÅDET

3.1 Lokalisering

Planområdet ligg nord i Sund kommune på grensa mot Fjell kommune. Kommunesenteret Skogsskiftet ligg ved Rv 555 på grensa mot Fjell kommune. I aust grensar planområdet mot Dalevågen i nord, Skogsvågen og Kvalvågen i sør. I vest grensar området mot Kørilen som er dikkevasskjelde. Grensa i sør går på tvers av landskapet mellom Tveita og Sandgot og nord for Tveitafjellet og Storskjenet.

De største ferskvatna Skogsvatnet og Hesttjørna ligg sentralt i området. Gardane i området er Tveita i Sør Hammersland i vest og Skoge i aust.

3.2 Geologi

Hovudbergarten i området er gneis som vart danna for om lag 2 milliardar år sidan. Fargen er varierande frå gråleg/beige til mørkare og rosa farge.

Regionen vest om Bergen var den første del av Noreg som blei fritt for is etter siste istid for meir enn 12.000 år sidan. Ein kan fleire stadar sjå skuringsstiper i berget etter istida. På Risøyna er det funne spor etter menneske som har levd for 9 - 10.000 år sidan.

For 3 - 4000 år sidan brann ein skogen på Sotra for å få lynghei til jordbruk. Då skogen forsvann og grunnvatnet steig, blei det danna torvmyr. Torv blei nytta til brensel heilt fram til 1950- åra.



3.3 Historiske kvalitetar



Dei eldste gardane


Innafor planområdet ligg gardane Skoge, Hammersland , Tveita og Eide. Skoge er ei av dei eldste bygdene på Sotra. Allereie på 1300-talet er Skoge nemnt i Bergensk Kalvskinn og låg då innunder biskopen i Bergen. Etter reformasjonen i 1537 vart bygda krongods. I 1693 var bygda sine leiglendingar blant dei første på Sotra som vart sjølveigarar. Bygda var tidlig på 1600-talet og fram til midten på 1700-talet tingstad i det gamle Sotra skipreide, som omfatta øya Sotra og Ytrebygda i Fana. Den gamle skipreideordninga varte like fram til kommuneinndelinga på 1800-talet. Sund kommune høyrdé saman med nordre del av Austevoll til 1986 og hadde Klokkarvik som kommunesenter.

Nytt kommunesenter i Skogsskifte

Frå 1987 vart kommunesenteret flytta til Skogsskifte, som ligg på grensa mot Fjell kommune. Administrasjonen flytta då inn i nytt kommunehus og bussterminalen vart etablert, men bygningane til terminalen stod først ferdig i 2003/04.

Levevegar

Levevegar i har tradisjonelt vore jordbruk og fiske etter laks , torsk, sild og makrell. Frå gamalt av har det vore dreve kvalfangst etter vågekval i Kvalvika i Skogsvågen. Når kval kom inn i Kvalvika, vart vågen sperra av og etter lang prosedyre vart kvalen avliva og trekt på land. Siste vågekval i Skogsvågen blei fanga på byrjinga av 1960-talet.






Skogegardane sett frå sjøen




Klyngetun på Skoge

Før utskiftinga i 1907 var dei åtte gardshusa samla i eit klyngetun på Skoge. Etter utskiftinga vart jorda samla i større einingar og våningshusa flytta ut av tuna. SEFRAK registreringar viser at ein har enno restar etter mange uthus, skjeneflor bygd i gråstein i steingarden mellom innmark og utmark for kyr, jordkellarar m, torvhus og naust. Området der Skogsskiftet ligg i dag var utmark, og beitemark der ein truleg har brent lyng. Torvhusa vitnar om at ein har tatt ut torv i området. Kulturlandskapet vert halde i hevd, men brukar er heller små.

Kulturlandskapet og kulturminne som fortel historie er ein viktig del av Skogsskiftet sin identitet, og bør takast vare på og integrerast i vidare utvikling av Skogsskiftet.




3.4 Dagens arealbruk



I kommunesenteret ligg kommunehuset med kommuneadministrasjon, forretningar, to bensinstasjonar, brannstasjon og bussterminal. Inn til kommunesenteret ligg sjukeheim, servicebustadar for eldre og barnehage og Hald stadion med to idrettsbanar. Midtstegen er eit regulert industriområde som er delvis utbygd. Barneskule og vidaregående skule ligg ved nytt idrettsanlegg ca 1,5 km sør for kommunesenteret. Ungdomsskulen ligg på Forland i Stranda krins utanfor planområdet i sør. Busetnaden ligg frå gammalt av i landbruksområda på Hammarsland, Tveita Skoge og Little Sangolt. Bustadar i regulerte felt finn ein på Hammarsland, Skogestrand, Skogsskiftet og Sauafjellet. Motokrossbana heilt nord i området , hindrar i dag vidare utbygging av senterområdet mot nord pga støykonfliktar.


3.5 Planstatus

3.5.1 Kommuneplanen



Kommuneplanen for 2003 -2013 vedtatt av kommunestyret i Sund 23.05.2006

3.5.2 Reguleringsplanen



Utbyggingsområde etter 1976 er bygd ut på bakgrunn av reguleringsplanar. Dette gjeld komunesenteret i Skogsskiftet , industriområdet på Midstegen, , byggjefelt for bustadar og hytte, skule og idrettsområde.

3.6 Klima

Temperatur

Temperatur på Sotra er mellom dei høgaste i landet, med gjennomsnitt 7,6 C° for heile året. For sommarmånadene juni - august er snitt temperatur 12,8 C° og kaldast i februar med eit snitt på 2,1 C°.

Nedbør

Mengde nedbør på Sotra er vesentleg lågare enn i Bergen. Kvart år fell det i snitt 1.328 mm nedbør på Sotra, mot 2.250 mm i Bergen. Golfstraumen fører varmare vatn til kysten vår.

Vind

Meteorologisk institutt har gode vindmålingar for Flesland som ligg nær Sund Kommune. Framherskande vindretning om vinteren er frå sør – aust. Våren har mykje vind frå sør, medan sommaren har mest vind frå nord og nordvest.

Tilpassing til klimaendringane

På grunn av klimaendringane har temperaturen på jorda auka med rundt 0,8 grader sidan den industrielle revolusjonen og havnivået med 17 cm. Det er forventa at temperaturen vil stiga framover, isen vil smelta i større grad ved polane og havet vil stiga. I tillegg vil veret bli meir ustabilt og Regjeringa har som mål at klimaendringane må avgrensast slik at temperatruauken vert avgrensa til 2gr samanlikna med førindustrielt nivå.

Klimatilpassing


Ein bør unngå bygging på dei mest verutsette stadane.

Ved planlegging av uterom og hagar bør ein ta omsyn til framherskande vindar

Ved bygging i strandsona bør ein ta høgde for at havet kan stiga opp til 75 cm fram til år 2100., jfr estimat frå Bjerknessenteret.

Vindrosor for Flesland

Framherskande vindretning i Bergensregionen



Vindhastigheter (wind speeds):


- 1 - 2B Flau vind - svak vind (light air - light breeze)
- 3 - 4B Lett bris - laber bris (gentle breeze - moderate breeze)
- 5 - 6B Frisk bris - iten kuling (fresh breeze - strong breeze)
- >6B Stiv kuling eller mer (near gale or more)

3.7 Folketalsutvikling


Folketalet var i 2007 i heile kommune 5670 innbyggjarar. Folketalet er i jamm vekst og framskrivingane til SSB viser også vekst framover.

Gjennomsnittsalderen er lågare enn for fylket og landet

Befolkingen i prosent etter kjønn og alder. 1.1. 2007



Skogsskiftet og nordre del av Sund ligg innafor pendleavstand til Bergen (30 – 45 min).



Framskriving basert på alternativ MMMM (middels vekst)

Folketalet innafor planområdet

Folketalet i krinsane Skoge og Hammersland var i 2007 : **1074** personar

477 108 Skoge

597 204 Hammersland Tveita

(355) 107 Sangolt – Skaga og Dommedal, Det meste av denne krinsen ligg utanfor planområdet

Innbyggjartallet i planområdet har auka med ca 280 personar sidan 2001.

Krinsane har hatt ein auke i folketalet på 35 % dei siste 6 åra mot 9,4 % i heile kommunen. (SSB)

Planområdet vil vera attraktivt for vidare bustadbygging og auke i folketalet, då det ligg innafor rimeleg pendleavstand til Bergen og større arbeidsplassar på Sotra. Sentrumsnære, nye bustadfelt innafor planområdet vil kunna konkurrera med andre bynære område, om ein tek vare på dei fine naturkvalitetane, sikrar allmenn tilgang til sjø og friluftsområde, legg til rette for eksisterande og nye fritidstilbod, gode møteplassar og trygge og gode oppvekstvilkår for barn og unge. Korte og trafikksikre avstandar til skular, barnehagar, offentleg og privat service, samt gode estetiske kvalitetar i det bygde miljøet gir synergieffektar.



3.8 Sosial infrastruktur

Sosial infrastruktur omhandler barnehagar, skular og institusjonar innafor helse og omsorg

Elevtalsutvikling og vidare behov for barnehagar og utviding av skulekapasiteten er avhengig av vekst i folketalet som igjen er avhengig av auka bustadbygging, betre vegsamband og evt nye arbeidsplassar. Eit godt barnehagetilbod , gode skular og godt oppvekstmiljø gjer kommunen attraktiv for framtidig tilflytting.

3.8.1 Barnehagar

Kommunen har pr i dag full barnehagedekning. Ny 5 avdelings barnehage i Skogsskiftet vart tatt i bruk i 2004. Det er avsett areal til nye barnehagar i reguleringsplanen for Hammarsland og Sauafjellet. Det er størst etterspurnad etter barnehageplassar i Skogskifte- området.

Ved planlegging av nye bustadområde bør det avsetjast areal til nye barnehagar sentralt i Skogsskiftet

3.8.2 Skular

Skogsvåg Barneskule



Skogsvåg barneskule ligg ved sida av Sotra vidaregåande skule ved Sundhallen. Skulen var ny i 1997, og hadde i 2006 99 elevar og har kapasitet til 180. Elevane på Hammarsland går i dag på Pollen skule, sørvest for Eide (sør for planområdet). I eit lengre tidsperspektiv med auka bustadbygging i Hammarslandområdet kan det vera aktuelt å flytta alle elevane frå Pollen til Skogsvåg.

Sund ungdomsskule



Ungdomsskulen ligg på Forland i Stranda krins, sør for planområdet. Skulen vart bygd i 1965. Elevtalet i 2006 var 252. Skulen har kapasitet til 280 elevar. Elevtalsutviklinga er forventa stabil med svak vekst på lengre sikt. Skulen har trong for ei meir omfattande rehabilitering.

Kommunen har uttrykt behov for ny ungdomsskule til 350 elevar og ynskjer at denne vert lokalisert i området ved vidaregåande skule, barneskulen og Skogsvåg Stadion. Det er ynskjeleg at det vert avsett areal til symjebasseng i nærleiken av skulen. Sjå avsnitt om "Idrett

Kommunen ynskjer at det vert avsett areal til ny ungdomsskule i området ved vidaregåande skule, barneskulen og Skogsvåg Stadion.

Sotra vidaregåande skule, avdeling Sund



Sund fekk ny vidaregåande skule 2003. Skulen har kapasitet til ca 350 elevar. Skulen har pr 2008 desse studieretningane:

- Idrettsfag (treårig)
- Studiespesialisering (allmennfag) formgjevingsfag
- Bygg- og anleggsteknikk
- Design og handverk
- Helse- og sosialfag

Det er ynskjeleg at det vert avsett areal til symjebasseng i nærleiken av skulen.

Sjå avsnitt om "Idrett"

Det bør leggjast til rette for utviding av skulen der den ligg.

Omsorgsbustadar

Det er i dag 44 sjukeheimslassar ved Sundheimen. Men det er eit mål i kommunen sin plan for omsorg å ha høgare dekningsgrad. Det er lokalisert 10 omsorgsbustadar og 9 psykiatribustadar i gangavstand frå kommunenesenteret. Det er ynskjeleg at denne type bustadar vert samlokalisert med andre omsorgstilbod, offentleg service og butikkar

Det er trong for fleire omsorgsbustadar innafor planområdet. Desse bør lokaliserast sentralt, helst i gangavstand til butikkar og offentleg og privat service.

Kultur

Innafor planområdet føregår det mange kulturaktivitetar i ulike lokale i sentrum og ved skulane.

Lokale	Aktivitet pr 2008
<i>Aktivitetssenteret</i>	<i>Tilbod hovudsakleg for eldre</i> Dagtilbod for demente og psykiatriske pasientar. Seniorsenter (Seniordans, leikarring, festar og andre arrangement i regi av Frivilligcentralen. Der er møtelokale for pensjonistlaget og Røde Kors, vev og sy-stove og musikkterapi for demente. . Den kulturelle spaserstokken i eit interkommunalt samarbeid med Fjell og Øygarden har base der. Det er dessutan arena for besøk av profesjonelle kunstrarar og kulturarbeidarar.)
<i>Kurssenteret Ved Statoil st.</i>	<i>Ulike kulturaktivitetar</i> <i>Sund kulturskule, Frivilligcentralen har aktivitet i Ferieklassen der, huset vert utlånt til toradarklubben og evt andre lag, voksenopplæringa og introduksjonsprogrammet for innvandrarar brukar huset kvar dag på dagtid, opplæringsenteret for psykisk utvilingshemma driv mange kulturaktivitetar på dagtid og Mekkekuben for ungdom har eit rom på Kurssenteret. Sund internasjonale kulturklubb har hatt kurs og møte der, men for tida er ikkje klubben aktiv.</i>
<i>Bussterminalen</i>	<i>Frivillighetssentralen</i> Lokale bruk til ulike aktivitetar
<i>Skogsvåg barneskule</i>	<i>Kulturskulen, skulekorps</i>
<i>Sundhallen</i>	<i>Større kulturarrangement.</i> Konserter, dansegallaer, og ulike kulturarrangement i regi av kommunen, festivalar eller frivillige lag og organisasjoner.
<i>Sotra Vidaregåande skule</i>	<i>Større kulturarrangement</i>
<i>Sundheimen</i>	<i>Diverse kulturtildobd</i> for dei som bur ved Sundheimen, pårørande og andre
<i>Ungdomshuset i Skogsvåg. Vågheim</i>	Folkeakademi og utleige til private arrangement
<i>Sundsenteret</i>	Innandørs møteplass. (Julearrangement, konserter, prisutdelingar, stand, loddssal)

Gjennom idedugnadane i planprosessen er det kome fram ynskje om nytt kulturhus i kommunen.

Funksjonar som kan leggjast til eit kultur hus er :

- bibliotek,
- kino,
- kulturskule,
- klatrevegg,
- internettkafe,
- bowlinghall,
- dansestudio,
- senioruniversitet mm
- voksenopplæring.

Lokalisering av nytt kulturhus har vore drøfta. Mogelige plassering er alt. 1) inntil sentralt torg i kommunensenteret ,
alt 2) i den grøne aksen ved Hald stadion
3) lengst nede i industriområdet Midtstegen
4) på nes i sørenden av Skogsvatnet.

Idrett

Innafor planområdet og ca 1,5 km sør for komunesenteret ligg Sundhallen og Skogsvåg stadion (Skogsvåg idrettslag). Anlegga ligg ved sida av Sotra vidaregåande og Skogsvågbarneskule. Her er også ein ballbinge. Sundhallen er opptatt alle dagar med idrettsaktivitetar og ballspel, både frå Sotra vidaregåande avdeling Sund og Skogsvåg skule. Om ettermiddagane/kveldane og i helgene er det idrettslaga som rår grunnen. Det er uttrykt ynskje om nytt 50 meters symjeanlegg

Ved Skogsskiftet ligg Hald stadion (Fotballklubben Hald) med både gras- og grusbane. Det er stor organisert aktivitet ved begge idrettsanlegga. Nord for Skogsskiftet ligg ei motorcrossbane. Aktiviteten medfører støy og hindrar i dag vidare utviding av sentrumsområdet nordover.

Planen bør leggja til rette for nytt 50 meters symjebasseng ved Sotra vidaregåande skule avdeling Sund og akebakke ved Skogsvåg barne skule

Friluftsliv

Friluftsområde som turvegar, badeplassar, fiskeplassar og ballbingar fungerer ofte som gode møteplassar. Innafor planområdet er det mange turstiar som er mykje nytta.


Fylkesmannen i Hordaland i samarbeid med fylkeskommunen har kartlagt og verdsett regionale friluftsområde i Hordaland. Kartlegginga skal vera eit grunnlag for arealforvaltning og innsats innafor friluftsliv.

Barholmen er eigd av Bergen og omegn friluftsråd og sjøområdet har mange gode natur og landskapskvalitetar. Holmen ligg utanfor planområdet. Det er lagt til rette for 5-8 offentlege parkeringsplassar i byggefeltet på Skogestranda. Desse kan også nyttast for besøkjande til friluftsområdet.

Dalevågen og Ådnavika har fine fiskeplassar frå land.


Det er ynskjeleg at dei korte turvegane, badeplassar og andre sentrale friluftsområde vert lagt til rette med universell utforming.

Skogsvatnet er også ein samlingsplass for leik og bading.



Regionale friluftsområde i Hordaland (Fylkesmannen i Hordaland)

På kartet er teikna inn eksisterande turvegar
 Kartet nedanfor syner viktige turstiar i området , kva vegar som er sikra med
 fortau og gang- og sykkelvegar.



Forslag til "Skogsløyper"

Landskapet og naturen er kvalitetar som bør takast vare på ved vidare utbygging i Skogsskiftet. Området rundt Skogevatnet bør sikrast som friluftsområde og det bør opparbeidast ei badestrond i nordenden.

Det er stort potensiale for å utvida turvegnettet i området.

Foreslår nye "Skogsløyper". Ei kort løype med universell utforming rundt Skogsvatnet og tre lengre sløyfer om 1) Ådnavika, 2) Hammarsland og 3) rundt Hesttjøerna.

Området nord aust i planområdet mot Ådnavika er bratt ned mot sjøen og bør skjermast mot vidare utbygging. Der finn ein mange fine fiskeplassar.

Naustområdet nedanfor gardane på Skoge og sørover er ein viktig del av kulturlandskapet og området sørover mot Kvalvika har mange kulturhistoriske verdiar knytt til kvalfangsten. Desse områda bør skjermast mot vidare naust og hyttebygging.

Strandlinia bør sikrast for allmenn tilgjenge og skjermast mot vidare utbygging. Kommunen bør vurdera å leggja til rette for fleire småbåthamner, men desse bør lokalisera utanfor planområdet.

Det bør vurderast å leggja til rette for ei gjestehamn og fiskeplassar frå land.

Fylkesmannen si kartlegging av regionale friluftsområde kan koma i konflikt med ønsket om å utvikla Skogsskiftet sørover ved Hesttjørna.

3.9 Naturområde

3.9.1 Strandsona og fritidsbustadar



Feriehusvære/ hytter

Kommunen har alt lagt til rette for ein del feriehusvere i strandkanten mot Dalevågen samt ei privat småbåthamn knytt til feriehusvera og tilgrensande bustadfelt.. Området ligg nær bustadområdet ved Skogestrand og nokre av feriehusvera er alt tatt i bruk som heilårsbustadar.

3.9.2 Naturtypar

Utskrift den 02.05.2007

Naturtyper i Sund Miljøfaglig Utredning AS

20 Kvalvågen

Sund kommune, 1245

UTM: EUREF89 32VKM, Ø: 8449, N: 3641

Naturtype: Naturbeitemark D04

Utforming:

Verdi: Svært viktig A

Vegetasjon: Ikke registrert

Vernestatus: Ingen vernestatus

Trusler: Gjengroing & Gjødsling

Feltsjekk: 10.10.2006 (siste)


Naturtypebeskrivelse:



Ved kartlegging av naturtyper i kommunen er det funne ein verneverdig naturtype innafor planområdet. Området ligg i Kvalvågen, har eit småkupert beitelandskap avgrensa av kulturmark og ein bygdeveg i aust og oppdyrka mark og sjøen i vest. Det er påvist 19 artar i området, mellom anna og raudlisteartane ravneraudskivesopp, gulbrun narrevokssopp, mørkskjella vokssopp og raud honningvokssopp. Lokaliteten har fått verdien svært viktig(A) sidan dette er ei uvanleg velhalden og artsrik beitemark, og at det er potensiale for å finna fleire sjeldsynte og raudlista artar.

Det beste for naturverdiane er framleis å oppretthalde eit godt beitetrykk. Gjødsling bør ein unngå. Noko rydding av tre og busker er naudsynt år om anna, men har inga hast.

3.10 Næring



Jordbruksareal , hjortetrekk og næringsareal

3.10.1 Jordbruk

Innafor planområdet finn vi gardsbruk på Skoge, Hammersland , Tveita og Little Sangolt. Landbrukseigedommane har etter måten små innmarksareal og noko større utmarksområde. Dei fleste er deltidsbønder og driv med sauehald og har anna fast lønna arbeid ved sidan av.

All barskog er planta, men det vil enno gå mange år før ein kan rekna med at skogen er hogstmogen. Med mindre det blir endringar i tilskotsordninga for skogplanting vil nedhogg kulturskog ikkje blir planta på ny, men ha ei naturleg vegetasjonsutvikling.

Mykje av den produktive snaumarka er i attgroing. Store areal blir etter kvart dominert av utvaksen, gamal og glissen røsslyng. Tidlegare lyngheder og kulturlandskap endrar seg i raskt tempo. Hjortestamma er utbreidd på heile Sotra. Hjorten beiter over store område. Viktige trekkvegar for hjort er kartlagt. Tett utbygging i viktige korridorar kan hindra hjorten å ta seg fram.

Kjerneområde for landbruk skal sikrast. Mogeleg tiltak for å halda kulturlandskapet i hevd , kan vera tilrettelegging for fortetting kring gardstuna med moderne klyngetun. Slike buformer kan vera attraktive for folk som ynskjer å bu landleg, driva småskala matproduksjon og jordbruk til eige bruk. Fortetting bør skje etter gode retningslinjer slik at kvalitetane i kulturlandskapet vert tatt vare på.



3.10.2 Industri

Regulert område for industri på Midtstegen ligg innafor planområdet aust for Skogsskiftet. Tilkomsten til området går gjennom sentrumsområdet i Skogskiftet. Søndre del av området er planert og utbygd. Verksemder som held til der er gjenvinningssentral og ein del handverksbedrifter innan VVS , Elektro, gummi, trearbeid og liknande.

Lokalisering

Industriområdet medfører ein del tungtrafikk gjennom senteret og legg beslag på eit mogeleg utvidingsområde mellom senteret og bustadfeltet i Skogestranden. Området er sentrumsnært, har fin utsikt over Skogsvatnet og har potensiale som eit attraktivt bustadområde. Kommunen bør vurdera på lang sikt å leggja til rette for alternativt industriområde i kommunen og omdisponera Midtstegen til sentrumsfunksjonar/ bustadar.

Kommunen har fått utarbeidd ein strategisk næringsplan som peikar på ei rekke mogelegeheter for ny næringsutvikling i kommunen. Vakker natur, interessant kultur og historie, tilgang til sjø, nærliek til Bergen som turistattraksjon som trekker til seg mange reisande og god tilgang på arbeidskraft er alt saman eit godt utgangspunkt for vidare satsing på turisme og reiseliv. Kommunen satsar på realfag og teknologi i vidaregåande skule og i barnehage , Betre kommunikasjonar i framtida , mogeleg ekspertsenter for undervassteknologi, olje og gass i regionen er andre stikkord som vert nemnt som fordeler i området.

Bygging av nytt kulturhus og opprusting av eksisterande senter kan også gi mogelegeheter for satsing på reiseliv t.d. opplevingsferie og næring knytt til kurs og leirskule.

3.10.3 Handel og service

I handelssenteret har ein to bensinstasjonar, kafear, daglegvarehandel, fargehandel , blomsterhandel og bokhandel. Handelssenteret har fordel av å liggja i kommunesenteret som er eit målpunkt for dei som etterspør offentlege tenester. Handelssenteret ligg lengst nord i kommunen ,ved RV 555, i grensa

mot Fjell, slik at alle som skal til eller fra kommunen passerer senteret. Skogsskiftet er også eit trafikknutepunkt for kollektivtransport , park & ride og med Sotra vidaregåande skule, barneskule og store idrettsanlegg. Kundegrunnlaget i kommunen, dvs talet på innbyggjarar er 5795 i 2008. I tillegg har kommunen 572 hytter i jan 2008. Handelslekkasjen er stor til Sartor senter på Straume og Bergen.

Handel og service

Det er ynskjeleg med eit større og betre vareutval. Men førebels er handelslekkasjen stor til Sartor senter på Straume i Fjell. Eit betre privat servicenivå føreset truleg eit større kundegrunnlag. Kommunen bør utarbeida ein handelsanalyse for å kartleggja potensialet for auka handel.

Mogeleg opning av ferjesambandet mellom Sund og Austevoll på nytt når Austevollbruva som no er opna , vil kunna styrka kundegrunnlaget for Skogsskiftet vesentleg .

3.11 Offentleg service

Ved kommunehuset har ein bibliotek, brannstasjon, barnehagar , bustadar med service for prioriterte grupper.

3.12 Samferdsel og vegar

3.12.1 Kollektivknutepunkt

Skogsskiftet ligg ca 30 km frå Bergen sentrum. Ein brukar ca 30 min med bil og 45 min med buss. Skogsskiftet er eit trafikknutepunkt og har god kollektivdekning. Terminalen har potensiale for "park and ride". Buss til Sartor senter og Bergen går kvar heile time. Det er bussamband til ei rekke bygder. Frå Klokkarvik går det bilferje til Hjellestad annakvar time. Ferjer i rusjtida korresponderar med buss til/frå Straume.

Kollektivterminalen er sentralt lokalisert, men er arealkrevjande og legg beslag på ein stor del av sentrumsområdet i Skogsskiftet. Parkeringsplassen for bussane bør flyttast. Terminalfunksjonen bør også i framtida ha ei sentral lokalisering, men terminalbygget bør på lengre sikt flyttast til utkanten av sentrumsområdet.

3.12.2 Vegplanar på gang

Statens vegvesen Region Vest sette i 2007 i gang med planar for nytt fastlandssamband mellom Sotra og Bergen vest. Kommunedelplan med KU for "Sotra Sør" Rv555 Kollveitskiftet – Austefjorden som er under arbeid parallelt med dette planarbeidet, får konsekvensar for KDP Skogsskiftet. Desse to planprosessane er forsøkt koordinert. Det er utgreidd to – tre alternative trasear i planområdet. Traseane er konsekvensutgreidd m.o.t kulturminne, lokale verknadar, naturmiljø og naturressursar.

Dei to planprosessane konkluderer begge med at alternativet med kryssing av Dalevågen, tunnel forbi Skogsskiftet og trase i "Hammersland dalen" er det beste alternativet. Alternativet føreset flytting av motocrossbana og støytiltak i høve til bustadområdet på Hammersland.






Trafikktal 2030

3.13 Støy

Støy generelt



Det er store individuelle skildnadars mellom personar om dei føler seg plaga av støy eller ikkje. Men talet på personar som føler seg plaga aukar med aukande støynivå. Det er utarbeidd retningsliner for akseptabelt utandørs og innandørs støynivå.

Trafikkstøy


I planområdet er framtidig trafikkstøy frå ny vegtrase utgreidd i KU Rv 555. Det utandørs støynivå ligg over 55 dB i gjennomsnitt over døgnet, skal det utgreia støytiltak. Skissa til høgre syner støynivå langs dagens trase.

Støy frå helikoptertrafikk

Planområdet er også råka av støy frå helikoptertrafikk mellom Nordsjøen og Flesland, ca 50 flygingar pr dag. Avinor har søkt i samarbeid med kommunen om å finna trasear som er minst mogeleg til ulykke for innbyggjarane.

Motocross bane



Motocrossbana nord i planområdet medfører støy som i dag reduserer utbyggingsmogelegheitene nord for Skogsskiftet og i tilgrensande område i Fjell kommune. Dersom ein vel tilrådd vegrase for Rv 555, vil motocross bana måtte flyttast ut av området og givast ei ny lokalisering. Det vil i tilfella frigjera utvidingsområde for Skogsskifte nordover.



3.14 Forureining

CO₂ bidreg til global oppvarming, som fører til at isen ved polane smeltar , havet stig og vi får klimaendringar og meir ekstremver.

Viktigaste utslepp av klimagassar i Sund kjem frå biltrafikk og jordbruk.



Tabell 7 oppsummerer berekningane av CO₂ – utsleppa for dei ulike kombinasjonsalt det er gjort berekningar for:

	CO ₂ -utslipp (tonn/år)
Alternativ 0	8111
Kombinasjonsalt. 1 (Alternativ I+1+1+1+1)	6329
Kombinasjonsalt. 2 (Alternativ 1+29+29+1+28)	7388
Kombinasjonsalt. 3 (Alternativ 30+1+1+1+32)	6800
Kombinasjonsalt. 12(Alternativ 1+12+13+1)	8098
Kombinasjonsalt. 13 (delspesial 1+13+1+13+1)	7289

Tabeli 7 viser CO₂– utsleppa for dei ulike samanhengande kombinasjonsalternativen i antal tonn/år

3.15 Vatn og avlaup

3.15.1 Avlaup

Der det vert planlagt og utbygd nye hovudvegar, vil Sund Vatn og avlaup ,SVA, som hovudregel leggja leidningar for vatn og eventuelt for avlaup langs vegen.

SVA vil kartlegga kapasiteten på alle mekaniske reinseanlegg i kommunen , for å ha oversikt over utbyggingspotensialet i aktuelle områder.

Før SVA byggjer ut leidningsnettet i nye områder, må det undersøkjast i marknaden kor stor interessa for tilknyting er. Den bør vera minimum ca. 75 % før SVA bygg ut.

3.15.2 Vassforsyning

Kørlen er hovudvasskjelde for planområdet . Vassforsyninga går via høgdebasseng på Midtstegen. I kommuneplanen er det er avsett restriksjonsområde rundt drikkevasskjelda.

3.16 Energi

Energikjelder

Elektrisitet står for 68 % av energiforsyninga i kommunen, olje og parafin 7,8 % , gass for 2,8 % og biobrensel (vedfyring) for 7.6%. I tillegg vert det satsa på bruk av naturgass. Naturgass vert i dag brukt både til produksjon av varmtvatn til nærvarme og elektrisitet

Alternative energikjelder

Sund Energi A/S har bygd i 2003 eit kogenereringsanlegg (minigasskraftverk) i ved Sotra Vidaregåande skule, avdeling Sund i Skogsskiftet. Kogenanlegget er basert på komprimert gass som vert tilkøyrt på lastebil. Anlegget forsyner Sotra vidaregåande skule, avdeling Sund, Skogsvåg barneskule og Sundhallen med varme og elektrisk kraft. Bustadområdet på Sauafjellet er forsynt med gassrør til oppvarming og oppvarming av varmtvatn.

Bygging av eige kogenanlegg i Skogsskifte er mindre kostnadskrevjande enn å føra fjernvarme / varmtvatn i røyr frå eksisterande anlegg. Sjå elles Klima og energiplan for Sund

Gass kan brukast til sentralfyring og komfyr
Sundheimen har radiatoromnar og barnehagen vassboren varme i golv som kan nyttiggjera seg fjernvarme.

Bruk av biobrensel er vurdert som usikkert. Kommunen har stort potensiale innafor vindkraft , men kommunen har ei tydeleg holdning til at det ikkje skal leggjast til rette for vindkraft i kommunen.

- Ny klima og energiplan for bustadar er under utarbeiding.
- Klima- og energiplan for næring er under utarbeiding i samarbeid mellom Fjell og Sund.

Energiforbruk

Hushald står for storparten av energibruken i Sund kommune. Energibruken per hushald i Sund er noko høgare enn for fylket. Dette skuldast i hovudsak at bustadane er større enn gjennomsnittet for fylket og landet.

Distribusjonsnettet

Nettet har ingen flaskehalsar og nettet har dermed tilfredsstillende kapasitet i normal driftssituasjon



Hovedlinjer i distribusjonsnettet

Sund kommune har som mål å vera eit førebilete på energibruk:


- Ta i bruk nye fornybare energikjelder i heile kommunen.
- Auka bruken av vassboren varme i kommunale bygg og næringsbygg.
- Kommunen vil satsa på å ta i bruk fleksible energiløysingar (som t.d. kogen anlegg). Auka kompetansen på alternativ energibruk og enøk hos innbyggjarar, næringsliv og tilsette i Sund kommune.
- Ta i bruk gjeldande lovverk for å setje rammer for energibruk i nye bygg.

3.17 Bratte og eksponerte område



Unngå byggefelt brattare enn 1:3

Kartet viser terregn som er brattare enn 1:2 og 1:3. Terregn med eit terregnfall mellom 1: 3 og 1: 2 vert rekna som krevjande terregn for vanleg bustadhus. Det krev som regel store terregninggrep, mykje sprenging og muring og problem med overskotsmassar. Det er då ein føremon med smale, djupe tomter. Terregn brattare enn 1:2 krev spesialtilpassa bygningar.



Unngå bygningar over kote 70

Landskapsanalysen viser at terrenget som ligg over kote 70 er svært eksponert og synleg frå store deler av området. Ein rår til at nye utbyggingsområde vert lagt under kote 70.

4 LITTERATURLISTE

4.1 Sentrale nasjonale og regionale dokument

St Meld Nr 16 2002 2003 Resept For Et Sunnere Norge

Folkehelsepolitikk

St.meld. nr 23 (2001-02) Bedre miljø i byer og tettsteder

St.meld. nr 34 (2000-01) Om distrikts- og regionalpolitikken

Retningsliner for arealplanlegging i Hordaland, 2004

Rettleiar for kommuneplanarbeid, 2001

Nasjonale mål og interesser o fylkes- og kommuneplanlegginga, 1998

Rettleiar og medverknad for barn og unge, 1995

Skjerping av planpraksis og dispensasjonspraksis, 2002

Rikspolitiske retningsliner for samordna areal og transportplanlegging 1993

Fylkesplanen for Hordaland, 2005-2008

Fylkesplan for senterstruktur og lokalisering av service og handel. 2002

Fylkesdelplan for kystsona i Hordaland, 2001-2004

Fylkesdelplan for energi, 2001 2012

Fylkesdelplan for Idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv, 2002-2005

Fylkesdelplan for kulturminne, 1999-2010

Kommuneplan Fjell

Fylkes ROS Hordaland 2004 , rev 2006

Råd om planlegging og forvaltning av strandsona i Hordaland ,Fmh 2007

Handlingsplan for Folkehelse

Deltaking for alle – universell utforming Fylkesdelplan 2006-2009

Prosjektplan Landskap i kommunal planlegging 2007

Regionalt utviklingsprogram for Hordaland 2008

Næringsbarometeret

Strateginotat for reiselivsutvikling 2006-2008

T-5/97 MD Arealplanlegging og utbygging i fareområde
Nye retningsliner for støy i arealplanlegging (T-14429 OG RETTLEIAR (ta-
2115720059
Gode Steder Veileder MD 1999
Miljøvennlige og attraktive tettsteder MD 2005
DVD. Innspirasjons film om tettstedsutvikling i Inndyr 2006
Statens vegvesen – Trafikkutgreiling og KU RV 590 Sotra Sør 2007
Kartlegging og verdsetting av regionale friluftsområde 2007

4.2 Sentrale dokument i Sund Kommune

Gjeldande kommuneplan for Sund Kommune 2003-2013

Tettstadsanalyse for Skogsskiftet 1997 v(Arkitektgruppen CUBUS

Planprogram for skogsskiftet vedtatt 19.03.2007

Strategisk næringsplan 2006- 2009

Dei tre kommunane Sund, Fjell og Øygarden har utarbeidt ein felles strategisk landbruksplan for perioden 2004-2008

Energiutgreiling for Sund, BKK 2006

Vilt i Sund 2006

SEFRAK

Naturtyper i Sund Faktaark 2006

Bygdebok for Skoge

Rehabiliteringsplan 2007-10

Trafikksikring 2007-2015

Omsorg mot 2015

Klausulering Kørlen Vassverk

Barnehageplan 2003

Avlaupsplan 2006-15

Oppvekst?

Kommunedelplan for idrett og fysisk aktivitet 2000-2010

5 VEDLEGG TIL PLANEN

*Fortetting av Skogsskiftet eller nytt senter? Notat Asplan Viak 06-11-2007

*Landskapsanalyse Asplan Viak november 2007

*KU Sotra Sør Rv 555

*Registringsrapport